

Vår ref.:
20/01295-3

Dato:
11.03.20

Referat IDF - møte 2/20 (09.03.2020)

Møtes varigheit og stad: 12.30 – 15.00 på Teams

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Berit Rokne	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	Referent

Arbeidstakar:

Kristin Lofthus Hope	Forskerforbundet
Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Reidun Stavland	Norsk sykepleierforbund
Tone Skjerdal	NTL
Kari Smørås Brakstad	Parat
Pål Albert Olsen	Akademikerne

Karin Bell	Hovudverneombod
------------	-----------------

Sakliste:

FASTE PUNKT

9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- / DRØFTINGSSAKER –

10/20 Saker til styremøte

Rektor deltok i møtet for å gå igjennom styresakene.

8/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

9/20 Årsrapport 2019 inkl. årsrekneskap 2019 – Høgskulen på Vestlandet.

Rektor orienterte om årsrapporten og årsrekneskap for 2019.

NSF stiller spørsmål om utviklingavtalen og medverknad som følgje av NIFU rapport.

Organisasjonsdirektør viser til eige punkt i styresakene om NIFU rapporten.

NTL stiller spørsmål om det er mogleg å sende inn språkleg innspel.

Retor svarar at det er mogleg og at det kan sendast til sakshandsamar ved verksemdsstyring og internrevisjon.

10/20 Årsrekneskap 2019

Rektor orienterte.

11/20 Endeleg budsjett 2020

Rektor orienterte.

FF stiller spørsmål om korleis HVL handterer ein nedgang totalt sett, der FIN, FHS og FØS vil ha problem med å nå sine budsjettmål.

Rektor viser til at vi har satt i gang eit prosjektarbeid om økonomisk berkraft i fakulteta. Ved FIN må ein sjå på studentrekrutteringa og ved FHS vil der vere ulike resultatmål kvart år. Overordna vil det vere eitt stramt budsjett for alle.

FF og Akademikerne stiller spørsmål om studentrekruttering og involvering av fagmiljøa i organisasjonen for å få dei meir treffsikre.

Rektor viser til at ein har fokus på rekruttering og har sett inn ekstraordinær innsats mot studentrekruttering på FIN. Dette er det budsjettert for i 2020.

NTL stiller spørsmål om budsjettposten for studentrekruttering er redusert i 2020 sett mot rekneskap i 2019.

Rektor viser til at studentrekruttering ligger inne i budsjettet for 2020, samt at FLKI har fått tildelt ekstra midlar frå nasjonalt hald til ekstra merksemd på menn i lærarutdanninga.

12/20 Internrevisjon hausten 2019

Rektor orienterte.

NTL viser til at dette er ein god arbeidsform der ein kan nytte intern kompetanse på tvers av institusjonane.

NTL spiller inn tema til internrevisjon, medverknad i tråd med hovudavtalen. Dette vert støtta av FF, NSF og UDF.

Rektor viser til at ho ikkje har instruksjonsmyndigheit til internrevisjonen. Viser til tidlegare styresak. Tema må spillast inn til styret.

13/20 Justering av utviklingsavtalen

Rektor orienterte.

NTL har eitt generelt innspel at det ikkje er ønskjeleg at ein skal få fleire indikatorar å målast på.

Retor ser poenget og viser til at mange av punkta som tidlegare var satt opp, var vanskeleg å målast på.

14/20 Sluttrapport forskingsbasert følgjeevaluering av fusjon (NIFU)

Rektor orienterte.

FF viser til at rapporten er ein viktig arbeid for høgskulen. Ønskjer at det i saksframlegget burde ha komme inn konkrete tiltak på kva ein skal gjere og ha ein ordentleg prosess på dette.

UF viser til at ein ikkje må leite etter bortforklaringar og ta problema på alvor.

Rektor tek det til vitande og viser til at det vil vere ein prosess for å følgje opp dette.

15/20 Innstillingsutval for rektortilsetting – styrerepresentantar til utvalet

Organisasjonsdirektøren orienterte.

16/20 Søknad om midlar til oppgradering og tilpassing av forskings- og utdanningsareal – 2020

Rektor orienterte.

NTL stiller spørsmål om HVL er nøydt til å prioritere søknadane, eller om dei kan sendast inn uprioriterte?

Rektor viser til at HVL må vise at prosjekta har ei strategisk betydning for HVL og av den grunn kan vere gunstig å prioritere.

O - 9/20 Årsrapport Læringsmiljøutvalet (LMU) 2019

Rektor orienterte.

O - 10/20 Årsrapport 2019 – Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet

Rektor orienterte.

O – 11/20 Årsrapport arbeidsmiljøutvalet 2019, inkludert betraktningar rundt sjukefråværstala

Rektor orienterte.

NSF er bekymra for sjukefråværet og arbeidsplanar for UF tilsette.

Rektor viser til at samla sjukefråværestal ikkje er høge. Men at det er viktig for arbeidsgjevar å følgje med.

Hovudverneombod viser til at einskilde miljø ikkje melder inn kortidsfråvær, men tek ein arbeidsdag heime.

NSF og NTL ønskjer å problematisere underrapportering av sjukefråvær og føring av sjukefråvær for UF tilsette.

Organisasjonsdirektøren viser til at vi har vore innoom problemstillinga ved fleire høve. Vi må forhalda oss til tala som er lagt fram. Viser til at ein i HVL må jobbe med haldningar og kultur for både leiarar og tilsette.

Når det kjem til arbeidsplan og fråtrekk ved sjukefråvær, vert dette handsama i ein eigen gruppe som reviderer felles prinsipp for fordeling av arbeidstid.

O – 12/20 Årsmelding forskingsetisk utval 2019

Rektor orienterte.

O – 13/20 Orienteringar frå rektor

Rektor orienterte.

11/20 Retningslinjer for tildeling av velferdsmidlar ved HVL (Drøfting)

Leiar av velferdsutvalet Ingrid Arnesen Råheim Grønsdal orienterte om arbeidet til det sentrale velferdsutvalet om retningslinjer for tildeling av velferdsmidlar ved HVL.

NTL stiller spørsmål om det skal vere nærregion eller campusvise velferdsutval.

Organisasjonsdirektøren spiller inn at det er viktig å få fram mandat for disse utvala og korleis dei vert utpekt.

Det vert spilt inn at det ønskjeleg å sette ei tidsramme på to år for medlemmane i utvala.

Leiar av velferdsutvalet viser til at ein ønskjer å lyse ut internt på vestibyen for å få tilsette til vere med i utvala. Det er viktig å finne tilsette som har lyst og har interesse til å vere med. Ofte er det administrative som vert peikt ut til å planlegge arrangement. Samansettinga i deil campusvise velferdsutvala bør spegla tilsettegrupper og fakultet som er tilstade på den enkelte campus.

Organisasjonane stiller spørsmål om å gje timar på arbeidsplan for UF tilsette for å delta i dei lokale velferdsutvala.

Leiar av velferdsutvalet tek med seg innspela i møte til ny revidert versjon som sendast til godkjenning til HTV.

ANDRE SAKER:

12/20 Orientering om K2

Knut Vindenes orienterte om K2 og tilsettsone i bygget. Det som er aktuelt no er diskusjon og drøfting kring husreglar. Kjem sak til HTV i juni.

Det vert stilt oppklarande spørsmål om IT utstyr og arbeidsplassane generelt.

Knut Vindenes orienterer om at det vil vere etasjevise allmøte i slutten av mars, her vil ein informerer om det som er bestemt av løysingar i K2 og prosessen vidare.

FF viser til at det ønskjeleg å ha ein ordentleg evaluering av ABW etter ein stund, og før ein sett i gang nye byggeprosjekt i HVL.

13/20 Orientering om ARK undersøkinga

Avdelingsleiar for HR orienterte om ARK undersøkinga og om arbeidet kring dette.

Det vert stilt oppklarande spørsmål om undersøkinga generelt. Organisasjonsdirektøren viser til at ARK undersøkinga er bestilt av AMU. Den er utvikla av NTNU til eit verktøy som er spesielt retta mot universitets- og høgskuleektoren. Prosjektet er forskingsbasert og spørsmåla er forhandsdefinert.

NTL viser til at høgskulen sjølv har fagkompetanse på det som gjeld arbeidsmiljø. Viktig å kunne inkludere disse fagpersonane i dette arbeidet. Akademikerne spelar inn at det bør være rom for opne spørsmål.

YMSE/INNSPEL:

Parat: Retningslinjer for å ta med seg barn på jobb;

Parat stiller spørsmål om HVL har retningslinjer i forhold til det å ha sjuke barn (pga. karantenetid i barnehage) med på jobb og barn med på jobb generelt. Når tilsette skal flytte inn i K2 med enda fleire opne landskap, burde det da ikkje vere nokon retningslinjer for dette?

Organisasjonsdirektøren viser til at vi ikkje har det i dag, men viser til bruk av sunn fornuft.

Hovudverneombod ser på det same når det gjeld dei som tek med seg hund på jobb.

NSF viser til tidlegare praksis ved HSH der det ikkje vere lov med hund. Viser til at barn som er heime frå barnehage grunna smitterisiko også kan vere smittefarleg for tilsette i HVL.

Avdelingsleiar HR viser til praksis i Sogn og Fjordane der hund ikkje er lov, på grunn av allergikarar, reinhald og det at nokon faktisk er redd for hund.

FF viser til at det ikkje er avtale om heimekontor i HVL.

Organisasjonsdirektøren viser til at heimekontor er noko anna enn det å jobbe heimanfrå av-og-til. Der det er mogleg og hensiktsmessig. Men viser til verdien av å jobbe i eitt fellesskap.

NTL viser til at det skal utarbeidast husreglar for K2, dette må takast opp når desse vert utforma.

Organisasjonsdirektør: Orientering om Korona

Organisasjonsdirektøren orienterte kort. HVL nyttar FHI sine anbefalingar og viser til informasjon som vert lagd på vestibylen. Organisasjonsdirektøren vil halde HTV oppdatert på teams ved ny informasjon.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.